

An aerial photograph of a coastal town, likely Surnadal, Norway. The town is nestled at the base of a range of mountains, with a large body of water (likely a fjord) extending towards the horizon. In the foreground, there's a sandy beach and a road with some buildings, including a prominent red-roofed house. The sky is clear and blue.

# Aktivitetar i Surnadal

# Aktivitetskalender

## Surnadal 2024



### mai

### juni

#### Dato ikkje bestemt ved trykkefrist

##### Dammen opp

Trollheimen Fjellsportklubb  
«Dammen opp» er eit motbakkeløp med start ved Nordvik Forsamlingshus. Dette er eit arrangement for alle, store og små. Løypa er på knappe 3 km og 350 høgdemeter. Påmelding ved oppmøte. «Dammen opp» vil også bli arrangert til hausten.

##### 15. mai kl. 12

**Songmøte med Rolf Arne Berg og Norvald Bondhus** (kulturhuset, Indre Nordmøre Senioruniversitet)

##### 16. mai

**Fest i Sagatun Grendahus**

##### 18. mai

**Mo Grendalag arrangerer pinsefeiring i Sagatun**

##### 18. mai kl. 11–16

**Sesongopning i Svinviks Arboret**

Open hage og kafe. Ope heile pinsehelga.

##### 23.–26. mai

**Vårsoghelga**

For program, gå inn på varsoghelga.no.

##### 29. mai kl. 18

**Melbystevnet**

Angårmyra, Surnadal skytterlag

##### 29.–31. mai

**Nasjonal TKD-leir for senior pluss**

(for dei over seksti)

Den første av i alt fire leiarar i sommar for dei som driv med Taekwon-Do.

#### 31. mai, 2. juni, 7. juni og 9. juni.

##### Jegerprøvekurs

i Surnadal Jeger- og Fiskeforening sitt klubbbhus, Nordsida 198 Tellesbø.



**Bruk QR-koden, så kjem du til laget si side i NJFF-portalen og får ei fullstendig oversikt over arrangement, jakt- og fiskeskule, andre kurs m.m.**

##### 1. juni–31. august

##### Sommarles

Surnadal bibliotek. Lesekampanje for barn og unge – frå dei som skal starte på skulen og til og med 7. klasse. Spennande aktivitet på både nett og papir – særslig motiverande for å halde oppe leselysta på sommarstid.

##### 3. juni kl. 18

##### Kaffekonsert i foajeen

Kulturhuset, Surnadal og Rindal kulturskole. Song, musikk og kunstutstilling med kulturskolen sine elevar.

##### 5. juni kl. 18

##### Sommarkonsert i Storstuå

Kulturhuset, Surnadal og Rindal kulturskole. Musikk med kulturskolen sine elevar.

##### 8. juni kl. 12

**Travkjøring** Syltmoen travbane.

##### 8. juni

**Planteloppemarknad og ope museum på Åsen**

#### 12. juni kl. 12

##### Ingvard Wilhelmsen : «Sjef i eget liv»

Kulturhuset, Indre Nordmøre Senioruniversitet

##### 15. og 16. juni

##### Sommardans

Surnadal og Rindal kulturskole

##### 20.–30. juni

##### Midtsommar i Surnadal

For program, sjå eiga annonse om den 11 dagar lange sommarfeiringa.

##### 21. juni

##### Jonsvaka 2024 i Åsskard kyrkje

21.00 Kulturkåseri

21.40 Kaffestund

22.00 Nattkonsert: Kor. Solistar. Instrument. Jonsvaka (St. Hans) har vore årvisst i Åsskard sidan 1982 - med unntak av åra 2021 og 2023.

##### 22.–23. juni

##### Distriktssteme i sprangriding

Trollheimshallen, Trollheimen Ride og Kjørelag

##### 23. juni kl. 13–17

##### Bøfjorden Sjøbruksmuseum opnar for sesongen

Museet vil ha ope kvar søndag til og med 8. september (kl. 13–17).

Utstillingar. Loddsalg. Kaffe. Kvar gong eit lokalhistorisk «Dagens Tema» kl. 15. Dette er biletkåseri, demonstrasjon av kulturprodukt eller liknande. Liste over tema blir kunngjort fortløpande.



# juli

**24.–28. juni**

## **Barneridekurs**

Trollheimshallen, Trollheimen Ride og Kjørelag

**26.–30. juni**

## **Midt-Norsk Mesterskap**

Angråmyra, Surnadal skytterlag

Heile 500 skyttarar frå Midt-Norge krets vil konkurrere i feltskyting, baneskyting, stang- og felthurtigtskyting.

**5. juli kl. 18**

## **Jon Nordviks minnepokal og lagmeisterskap**

Angråmyra, Surnadal skytterlag

Alle kan skyte om minnepokalen, men lagmeisterskapet er berre for skyttarlaget sine medlemmer.

**12.–14. juli**

## **BØFJORDHELGA 2024 (fleire arr.plassar)**

Utstilling av veterankjøretøy. Brua-Bua-marsj med markering av 60-års-jubileet til bruа. Samklang på Naustbakken. Kabaretinnslag. Fotball Oldboys. Quiz. Auksjon med lokal auksjonarius. Utstillingar. Servering fleire stader. Utlodding. Markering: gjenopning av Klagemuren på Naustbakken. Besök av Bjørnis. Muleg fjord-cruise. Laurdag kveld: pub på kaia. Blåfjelløpet 2024. Ope sjøbruksmuseum. Helga skal bidra med å skaffe inntekter til digitalisering av Bøfjord Samvirkeleg (Coop Marked).

**13. juli kl. 18**


## **Sommarpub i Bryå**

Bondehuset, Stangvik Grendalag

Grendalaget garanterer god stemning og har bestilt sol. Så da ligg alt til rette også for uteservering med ei nydeleg utsikt, eit lite steinkast frå Stangvikfjorden.



Foto: Ann Torild Van Tienen





juli

august

## STANGVIKFESTIVALEN

**24. juli kl. 19**

**Opningskonsert for Stangvikfestivalen**  
i Bøfjorden Sjøbruksmuseum.

Medarr. Bøfjorden historielag  
med Trygve Brøske, Marianne Meløy og  
fleire gjestar.

**25. juli kl. 19**

**Operapub i Todalen ungdomshus**

Stangvikfestivalen/Todalen IL  
Ei gruppe internasjonale operasolistar og  
-pianist byr på kjente og ukjente operaopp-  
levingar med laus snipp.

**26. juli**

kl. 18: Kammerkonsert i Stangvik prestegard.  
kl. 20: Kunstuflingsopning i Bondehuset

Galleri med festivalkunstnarane Guri  
Sandvik og Ebbe Arneberg.

kl. 21: Fredagskveld i Bondehuset med  
rapparen Trond Wiger og bassisten/  
gitaristen Erlend Smalås før pause og  
Balkan Brasserie etter pause.  
Open pub.

**27. juli**

kl. 14: Familieforestilling med Anne Fossen  
og Jovan Pavlovics «Balkanika».

kl. 16: Sal av den tradisjonelle, og veldig  
kortreiste, fiskesuppa Bondehuset

kl. 17: Artist talk. Festivalens faste kunstnar  
Brit Dyrnes i samtale med årets  
festivalkunstnarar

kl. 18: Kyrkjeconcert i Stangvik kyrkje med  
årets artistar

kl. 21: Lørdagskveld i Bondehuset.

Temakveld der ein kikar på kjønns-  
rollene gjennom tidene. Urframføring  
av årets bestillingsverk.  
Festivalartistane deltek. Open pub.

**28. juli**

kl. 13: Kaffekonsert i Bondehuset.

Ønskekonsert med både kjent og  
ukjent repertoar. Sal av kaffe og kake.

kl. 15: Dagens tema på sjøbruksmuseet i  
Bøfjorden: Rannveig Eikrem om  
folketonenesamlaren og kyrkjesongaren  
Kristian Halse.

kl. 15: Festivalen blir avslutta i Stangvika  
med fotballturnering for store og små  
på Svisholmen.

**28. juli – 2. august**

**Nasjonal TKD-leir for voksne**

**3. august**

**Nordmøre Gatebilklubb arrangerer  
Gatebilfestival**

**3. august**

**Kløvvegmarsjen**

For hesteinteresserte og alle andre som vil gå  
i gamle fotefar til og innover Vindøldalen.  
Gudsteneste på Røstasetra dagen etter  
(søndag 4. august).

**3. august**

**Nordmørstour Sagdammen 2024**

SIL diskgolf. Årleg diskgolfturnering for  
heile Nordmøre, på Sagdammen diskgolfpark  
i Øvre Surnadal. Aukande interesse for  
diskgolf (tidl. frisbeegolf), og ein reknar med  
60-70 påmeldte til denne konkurransen.

**04.– 08. august**

**Nasjonal TKD-leir for barn**

**14. august kl. 18**

**Skyting om Dugleiksmerket**

Angråmyra, Surnadal skytterlag

Også ope for andre enn skyttarlaget sine  
medlemmer.

**17. august**

**Kårvatn Sky Race**

Trollheimen Fjellsportklubb

Spektakulært fjelløp i urørt natur. Start og  
mål er på Kårvatn. Fire løyper: 4 km (300  
høgdemeter), 10 km (750 hm), 15 km (1160  
hm) og 29 km (1900 hm).

**17.–18. august**

**Distriktsstemme i dressurridning**

Trollheimshallen, Trollheimen Ride og  
Kjørelag

**18. august**

**Utegudsteneste i Svinviks arboret**

Todalen sokneråd

**23. august kl. 18**

**Kragens minnestevne**

Angråmyra, Surnadal skytterlag. Vi tek fram  
gamle og nostalgiske våpen og konkurrerer  
med desse. Open for alle. Skyttarlaget skal  
også arrangere skyteskule, kretskarusell og  
andre arrangement til hausten.

**24. august fra kl. 09.30**

**Søyacupen 2024**

Søyabanen på Kvanne. Ein reknar med at  
rundt 70 lag stiller og at det kan bli opp mot  
2000 besøkande gjennom dagen. Slik sett eitt  
av dei største arrangementa i kommunen i år.



## september

### Onsdagar

Seniorfilmklubben startar å vise film på dagtid onsdagar

Surnadal bibliotek startar opp med «Litterære pusterom»

Biblioteket arrangerer også lesesirklar, forfattarmøte (som del av Litteraturhus Møre og Romsdal), familielaurdagar m.m.

### 3. september kl. 19

#### «Jordmor på jorda»

Kulturhuset, Teatret Vårt

Edvard Hoems dokumentariske roman no også som teater. Teatret Vårt hadde stor suksess med dramatiseringa av «Slættekar i himmelen», og forventningane er høge til dette nye «Hoem-stykket».



## oktober - november - desember

### 11. september kl.12

#### Bodil Børset: «I æventyrland»

Hamsunsenteret i ord og bilet  
Kulturhuset, Indre Nordmøre  
Senioruniversitet.

### 7. oktober kl. 19

#### Sangkoret Tormod med kafekonsert

i foajeen på kulturhuset. Med norsk pop på repertoaret.

### 9. oktober

#### Halsatur med bedriftsbesøk

hos Taga kjøttindustri, Geitbåtmuseet og  
Valsøytunet  
Indre Nordmøre Senioruniversitet.

### 12. oktober

#### Nordmørstour Øye 2024

SIL diskgolf. Årleg turnering for heile Nordmøre. Ny og populær idrett - både for nybegynnarar og dei meir erfarte. Ein reknar med at Øye diskgolfsbane blir fylt opp med kasteglade nordmøringer denne dagen.

### 19. oktober kl. 19.30

#### Foredrag med Claus Lundekvam

Bøfjorden grennahus, Leikarvollen Scene. Forsvarsklippa Claus Lundekvam har, av nordmennene, flest proffkampar i England; etter å ha spelt 12 sesongar for Southampton. Men «medalja» fekk ei mørkare og mørkare baksidé.

### 1. november kl. 19 og 2. november kl. 18

#### Revy med Svarrabærje teaterlag

### 2. november

#### Den store kinodagen

Surnadal kino viser filmar til halv pris.

### 13. november kl. 12

#### Bjørn Austigard: «Lars Talgø og brurekronene hans»

Kulturhuset, Indre Nordmøre  
Senioruniversitet.

### 8. desember

#### Finale Normør Open 15 m

Angråmyra, Surnadal skytterlag. Etter fem innleieande rundar, skal dei beste nordmørs-skyttarane samlast til finaleskyting i Surnadal.

### 11. desember

#### Julemøte/Kari Helgetun i Indre Nordmøre Senioruniversitet



# Aktiv sommar i Surnadal



## El-syklar

I **Todalen** finn du 5 el-syklar og ei sykkeltvogn med plass til to ungar tilgjengeleg for leige. Syklane er tilgjengelege så fort det er sykkelføre og så lenge nokon vil sykle. Dagsleia er på kr 200 for ein sykkel, men leiger du fleire enn to syklar får du familierabatt og betaler berre kr 400.

Syklane befinn seg på Todalshytta. **Ring 929 97 550** for å reservere, og for å avtale tid. Betaling på Vipps til 568828.

## Klatring og buldring

**Trollheimen klatresenter** har ope kvar dag, heile året. Her finn du fleire bulder og om du har brattkort er det moglegheit for klatring med tau. Passar for heile familien. Her er det berre å stikke innom.

Sjølvbetent og ope kl. 6-23. Du betalar via Vipps og betalingsinformasjon finn du på staden. Sko og klatresele kan du leige der. Meir informasjon finn du på nettsida deira: [trollheimenklatresenter.no](http://trollheimenklatresenter.no)

## Friluftsutstyr til utlån

Hos **Surnadal frivilligsentral** har dei friluftsutstyr, som blant anna hengekoyer, soveposar, telt og tursekker som du kan låne frå utstyrsentralen deira – heilt gratis.

Fram til fellesferien har dei ope frå kl. 15-18 kvar torsdag, da er det berre å stikke innom. Det er ikkje mogleg å reservere på førehand. Sjå nettsida for meir informasjon: [surnadal.frivilligsentral.no](http://surnadal.frivilligsentral.no).



Foto: Visit Northwest / Ledvind Foto AS

## SUP

**På Bølandet i Bøfjorden** har dei per dags dato to brett du kan leige. Bretta er oppblåsbare, solide og er lette å frakte med seg. Du vel sjølv om du vil leige nokre timer eller heile dagen. Dei har òg flytevestar til leige. For å reservere ta kontakt på **telefon 452 47 761** eller på Facebook. Betaling via Vipps. Sjå òg gruppa deira på Facebook for meir informasjon, «SUP uteleie – Bøfjorden».

## Kajakk

Hos **Opp & Ut** på besøksgarden Oppistua Torvik i Torvika har dei to doble og ein enkel kajakk du kan leige. Det kostar 250 kr per dag og dei har redningsvestar tilgjengeleg. Du kan enkelt booke via eit skjema på nettsida deira, oppgout.com eller ta kontakt på **telefon 480 21 184** eller e-post [oppogut@outlook.com](mailto:oppogut@outlook.com).

## Paintball

**På Ranes, attom Ranes kyrkje**, finn du paintball-banan. Banen er 200m lang og 70m brei med fleire skjulestader og to borger. De lyt vera minimum 8 stk. for å leige, men det er artigare desto fleire de er som kan spele mot kvarandre. De får leige banen og alt av utstyr inkl. overtrekksdress for kr 350 per person og får halde på så lenge de orkar. Banen opnar så fort snøen er vekk, for oftast sein april/tidleg mai og er open til rundt oktober. For meir informasjon og bestilling ta kontakt på **telefon 413 65 002**. Sjekk også videoen «KTS Paintball» på youtube.com for å sjå banen og kva det går ut på.

## Beachvolley på Kalkstranda

**Kombiner volleyball med grilling** og ein frisk dukkert på Kaltstranda i sommar. På banen er det lagt splitter ny fallsand som er spesielt egnat for sandvolleyball og leik. NB! Ball til å spele med må du ta med sjølv.

## Hengekøyecamp

Ta med dykk hengekøya og finn ein plass i hengekøyecampen hos **Opp & Ut i Torvika**. Her er alt lagt til rette for å henge opp koya di, og er du usikker på våret har dei plass til hengekøyar i båthuset. Campavgifta kjem på kr 150 per dogn for voksen, barn under 12 år kr 70 per dogn og familie på fem kr 450 per dogn. Inkludert er tilgang på bad, bålpanner og anna uteareal på garden. For meir informasjon og booking sjå nettsida deira, oppgout.com eller ta kontakt på **telefon 480 21 184**.

## Småbåtar

**Småøyan camping** i Bæverfjord leiger ut småbåtar med påhengsmotor. Det kan vere lurt å bestille først, anten på **telefon 414 78 032** eller e-post: [smaaoyan@gmail.com](mailto:smaaoyan@gmail.com). Dei har redningsvestar tilgjengeleg. Dei har 2-3 båtar i to ulike storleikar, med dagsleige på kr 300 og kr 500 + bensin.

**Hos Opp & Ut** på besøksgarden Oppistua Torvik leiger dei ut båt med fiskeutstyr. Dei har ein båt med og ein utan motor, og redningsvestar tilgjengeleg. Det kostar kr 500 for ein dag. Du bookar via eit skjema på nettsida, oppgout.com eller du kan ta kontakt på **telefon 480 21 184**.



Foto: Jan Terje Moen

## Diskgolf

Diskgolf er litt som å gå ein tur medan du finn på noko attåt og passar til heile familien. Det einaste du treng er ein disk å spele med, og det får du kjøpt i sportsbutikkane i bygda og kostar frå kr 150 og oppover. Lastar du ned appen, uDisc, finn du kart over alle tilgjengelege banar i nærleiken av deg.

I Surnadal finn du to diskgolfparkar, dei er begge gratis og du treng ikkje å booke på førehand.

**Øye diskgolfpark** ligg rundt skuleområdet og idrettshallen på Øye, her har dei ein 18-holsbane og ein litt mindre bane med 9 hol tilpassa nybyrarar og barn. Du finn meir informasjon om banane på Facebook-sida til Surnadal IL disk golf. Om du har spørsmål, ta kontakt på telefon 412 67 728, eller e-post: [post@surnadalfrieklubb.no](mailto:post@surnadalfrieklubb.no)

**Sagdammen diskgolfpark** finn du på nordsida i Øvre Surnadal, omrent ein km nordom Mo kyrkje. Banen ligg opp mot skogen og litt for seg sjølv. Banen er ein 18-holsbane og startar frå parkeringa. Han passar for både dei litt meir vante og nybyrarane. Banen er såpass ny at du finn han ikkje i appen, uDisc, enno. Men du finn meir informasjon på nettsida, sagdammen.no eller du kan ta kontakt på telefon 971 98 730.



Foto: Marit Mo



Foto: Nina Torvik





Foto: Marit Mo



# Heimeside for Surnadal kommune

## surnadal.kommune.no



Her vil du finne:

- Kontaktinformasjon
- Ledige stillingar
- Kommunale tilbod
- Aktuelle nyheter
- Kunngjeringar/høyring
- Innsyn
- Skjema og søknadar

Kontaktinfo:  
Surnadal kommune  
Bårdshaugvegen 1  
6650 Surnadal

post@surnadal.kommune.no  
Telefon: 71 65 58 00



SURNADAL KOMMUNE

# Stikk UT!

## I SOMMAR

Årets Stikk UT!-sesong startar tradisjonen tru 1. mai, og vil også i år by på flotte turmoglegheiter for fastbuande og besökjande i Surnadal.

Sommartid er Stikk UT!-tid! Også i sommar kan du velje mellom 13 spanande turmål i Surnadal, fire av desse nye i forhold til fjoråret.

Turane er som vanleg av varierande vanskegrad og fordelt rundt omkring i kommunen slik at det skal vera turar å finne for alle, uansett treningsgrunnlag og bustad eller geografisk utgangspunkt.

Last ned Stikk UT!-appen og finn turane som passar for deg! Her finn du detaljerte turbeskrivningar, opplysningar om parkering og anna nyttig turinformasjon. God tur!

### Sommarens Stikk UT!-turar i Surnadal kommune:

#### Enkel

- 380 Svinvirkrunden
- 372 Kleiva
- 381 Toåå tursti
- 375 Mulneset
- 371 Kavleven kultursti
- 379 Svartvassparken
- 374 Langøya
- 370 Hyllrabben

#### Middels


- 373 Klåberget
- 378 Strandasetra
- 376 Sjøasetervatnet

#### Krevende

- 369 Hjelmen
- 377 Skarven

Husk å laste ned Stikk UT!-appen.

Den er eit fint hjelpemiddel når du skal på tur.



Skarven



Solnedgang på Mulneset. Foto Norunn Holten.

Foto: Marit Elin Eid



*Hjelmen*

Foto: Ingrid Rønning



*Strandasetra*



*Kavleven*

Foto: Marit Elin Eid



*Klåberget*



1



2

# Lokale badeperler

Varme sommardagar nyt ein best i vasskanten, og det er mange fine badeplassar i Surnadal. Den mest kjende er nok Kalkstranda, men den som leiter Finn langt meir å dyppe føtene i. Her er det mange badeperler om ein berre utforskar litt.


## Kalkstranda

**Den meget populære Kalkstranda** er kanskje bygdas badeplass nr. 1. mot Surnadalsfjorden. Med kritkvit strand ligg den idyllisk til ned mot Surnadalsfjorden. Her badar folk heile året, men det er utvilsomt sommaren som er høgsesong - naturleg nok. Området er godt tilrettelagt med parkering, badeflåte, volleyballbane, bålplass og toaletter.

Om sommaren er det også muleg å kjøpe mat og drikke frå lokale matvogner.



9



10



11



## Vindøldalen

**Køyrr du til Øvre Surnadal** og vidare opp til Vindøldalen, finn du Vindøla som slynger seg bedageleg nedover dalen. Lengre ned, nærmere parkeringa, er det litt meir fart i elva, og her finn du både kulpar og små "vatnsklier" naturleg forma av elva. Lengre inn er elva straks rolegare.

Vegen er stengd med bom, men om de tek med sykkel er det fint å sykle innover langs grusvegen. Sett att syklane og gå det siste stykkjet opp til Vassdalsvatnet. Ein fin tur der ein blir løna med ei nydeleg utsikt.


Foto; Knut Haugen, Visit Northwest.no - 1, Siv Bakken - 2 og 3, Mari Vatnøy - 9, 10, 11, og 12 Trine Engdal Storholt - 4-8, 13-16 og 18, Maria Yoon Garthe - 17

## Mjøksanden

**Mjøksanden i Bøfjorden** er eit fint friluftsområde, som ligg rett aust for Settemsøra, litt innanfor bru som går over til Bølandet. Her har dei i tillegg til badestrand, bygd opp ein romsleg gapahuk, leikeområde, bålpllass og fleire bord med benker.

Her kan ein fint bruke dagen, og har ein med barn kan ein ta med nokre små bøtter og gå på oppdagelsesferd i fjæra om ein går lei av å bade.

- |        |                                     |
|--------|-------------------------------------|
| 2-4    | Krokvatnet, austre del av Nordmarka |
| 5      | Toå                                 |
| 6 og 8 | Vindøla                             |
| 7      | Vassdalen i Vindøldalen             |
| 9      | Vindøldalen                         |
| 10     | Nauståfossen                        |
| 11     | Vindøldalen                         |
| 12     | Kvenndalen                          |
| 13-14  | Kalkstranda                         |
| 15-16  | Søysetørnan                         |
| 17     | Mjøksanden                          |
| 18     | Krokvatnet                          |





**TODALSHYTTA** - ei perle i Todalen, inngangsporten til Trollheimen.  
Historisk lodge ved lakse-elva Toa med gode turmogleheter. Betent i sesong.



**GRYTBAKKSETTRA:** Trivelege seterhus i barnevennlige omgivnader ved ei flott elv med fossar og kulpas.

## DNT hytter i Surnadal

Den Norske Turistforening (DNT) er Noregs største friluftsorganisasjon og har 57 medlemsforeninger over hele landet.

DNT-hytene er i hovedsak sjølvbetente hytter, men Todalhytta i Todalen er ein av dei betente hyttene Kristiansund og Nordmøre Turistforening (KNT) har.



**HARDBAKKHYTTA:** Ligg ved eit lite tjern lett tilgjengeleg både frå Valsøybotn og frå Bøverdalen.



**HERMANNHYTTA:** Ligg som eit knutepunkt mellom Fjordruta og hyttane i Trollheimen. Fint bær-område.



**SÆTERSETRA:** Ligg oppe i sørsvida av Surnadalsføret. Bindeledd mellom Fjordruta og Trollheimen.



**JUTULBU:** Ligg på ei lita høgde sør for fjellet Tussan, Badeplass og fiskevatn i nærleiken.

I tillegg kan du lese om den sjølvbetente hytta på Kårvatn i Todalen på **ut.no**.

Benytt alle dei fine hyttene vi har i Surnadal, frå fjellturer om sommaren til skiturer om vinteren. Hos DNT får du alltid plass, uansett!



***Les mer på dnt.no***



**VINDØLBU:** Eit flott utgangspunkt for dagsturar frå Vindøladalen, nordvest i Trollheimen.



**TVERRLIHYTTA:** Med fiskemogleigheter om sommaren, og skiterreng om vinteren. Fint for aktive barnefamiliar.



SURNADAL KOMMUNE